



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/374-1

Sakshandsamar: Finn Arne Askje

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap Kommunestyre		

Organisering av politiråd

Saksframlegg godkjent .

Vedlegg

- 1 Særutskrift - Prinsipp for SLT-arbeid i Tokke
- 2 Modell for SLT arbeidet i Tokke

Bakgrunn for saka


Kommunestyret gjorde vedtak i sak 65/22 korleis ein skulle organisere og formalisere SLT arbeidet i kommunen (**S**amordning av **L**okale rus- og kriminalitetsførebyggande **T**iltak), det er skissert i vedlegg nr. 2. Vidare er det meir utførleg skildra i vedlegg nr. 1.

SLT modellen er utvikla av det kriminalførebyggande råd (KRÅD) til bruk i norske kommunar.

Formannskapet har bede om sak for å vurdere rolla til formannskapet i politirådet.

Saksutgreiing

I dagens organisering er politirådet samansett slik:



Det er **svært** få kommunar som har organisert politirådet som i Tokke, der heile formannskapet er del av politirådet. Det var eit sterkt ynskje frå formannskapet i 2022 då modellen vart utarbeida.

Vanleg er det me kallar som «arbeidsutval» som utgjer kommunens politiråd.

Det er ressurskrevjande og organisere politirådarbeidet slik ein gjer i dag, med formell sakshandsaming.

Konklusjon

Kommunedirektøren ser at det er ressurskrevjande å organisere politirådet slik ein gjer no. Kommunedirektøren fremjar forslag om at politirådet er identisk med dagens «arbeidsutval», utvida med ein representant frå opposisjonen. Det vil då bli ei organisering av politirådsarbeidet slik det er i dei fleste kommunar.

Oppsummering frå møta i «nytt» politiråd blir lagt som referatsak til formannskapet.

Kommunedirektørens tilråding

1. Organisering av politirådet etter dagens modell blir avvikla.
2. Politirådet vil utgjere det som ein kallar for «arbeidsutval» no. Oppsummering frå møte kjem til formannskapet som referatsak.
3. Politisk representasjon i politirådet vil vere ein frå posisjon og tilsvarande frå opposisjon, begge sider med to personlege vara.
4. Opposisjon og posisjon må ved ei omorganisering velje sin representantar, så ein får iverksette ny organisering så fort som råd:

Som representant med personleg vara frå posisjonen blir følgjande valt: *(Ingen framlegg)*

Som representant med personleg vara frå opposisjonen blir følgjande valt: *(Ingen framlegg)*